



Haugabakka i Klepp

HANS DYBVAD OLESEN



Museumshuset på Haugabakka har ei over 150-årig historie som samlingsstad for kleppsbuen. Ikkje berre skulestellet fekk sitt første faste tilhald i huset men òg heradsstyret, og kommuneadministrasjonen. Det siste dryge halve hundreåret har verksemda til Klepp bygdemuseum har hatt husrom i gamleskulen som mest av alt likner på eit vanleg jærhus. For nokre tiår sidan låg skulestova fritt og ope. Det var utsyn til alle deler av Klepp herad. Havet i vest med Feistein fyr og strendene, Høg-Jæren i aust. Mellom desse to polane såg ein dyrka mark overalt. I dag er det bustadhus med velstelte hagar på alle kantar av museumsanlegget. Utsynet er borte, men framleis er det jordbruket som sett sitt preg på landskapet.

Samanlikna med dei fleste andre kommunane er Klepp med sine 115 km² ikkje stor. Men 600 gardar på 77 km² dyrka mark gjer jamvel bygda til den nest største jordbrukskommuna i fylket. Ja, ei av dei største i heile landet. 12 % av kleppsbuane er sysselsette i jordbruket.

Den tette busetnaden rundt museet er eit lite døme på dei store forandringane som har skjedd dei siste 50-60 åra. Folkemengda har økt monaleg: I 1950 var det 5000 kleppsbuar, i 2010 er det over 17 000. Store industri-føretak og fleire forskings- og forsøksstasjonar med basis i jordbruket, har vakse fram i takt med utviklinga av landbruksnæringa. I dag er det langt fleire arbeidsplassar utanfor, enn i jordbruket. Klepp har bort imot òg vorte forstad til dei store byane i nord. Dagleg er det 2500 fleire som reiser ut av kommune på arbeid, enn dei som kjem hit.¹ Mange av dei som pendlar mellom bustad og arbeid er tilflyttare som sett pris på nærleiken til bygde- så vel som bylivet.

Jærmuseet vonar at Klepp bygdemuseum òg kan spela ei rolle i bygda som er i stadig forandring.

SKULEN SOM SKULLE BLI MUSEUM

Haugabakka kallar me museumsanlegget etter staden det ligg. To hus i eit lite parkanlegg omkransa av steinmurar høgt over Kleppekrossen. Båe hus er flytta hit. Det største, skulehuset låg opphavleg 75 meter lenger sør på det som då var Klockargarden. I dag er berre klockarbustaden frå 1922 att av gardstunet.

Den kombinerte skule og lærarbustaden vart bygd i 1853 som første faste skulehus i Klepp. Byggemåten var i typisk jærhusstil med inngang midt på båe langsi-



Alltid til stades når noko skjer på Haugabakka:
Ordførar Elfin Lea i samtale med Karen Tunesvik under
opning av utstillinga om far hennar, kunstnaren
Johannes Dale, oktober 2009. Foto: Jærmuseet

dene og skut for kvar gavl. Men inne var rominndelinga annleis. Mot nord låg skulestova som òg vart nytta som møterom. Mot sør hadde læraren stove, kammers og kjøkken. I den søre salen på loftet var det første offentlege kommunelokalet i Klepp innreia. Parallelt med skulehuset låg fjøs- og løebygninga, som for lengst er reve. Skulen var teken i bruk 1. januar 1854 og kommunelokalet 11. februar.

Den første læraren og klokkaren i 1854 var 28 åringen, Thore Ellingsen frå Horpestad. Han var nett ferdig utdanna lærar, som den første i Klepp. Han virka til 1892 og hadde samstundes tre periodar som ordførar. Dei som følgde var Eirik Asgautsen Steinnes, 1892–1910 og Fanuel Ravndal, 1911–1946. Sistnemnde var lærar på gamleskulen i 11 år, deretter på Storhaug-skulen. Fellestrekk for desse lærarane var stort samfunns-



Lærer og klokkar Fanuel Ravndal og om lag 30 elevar oppstilte til fotografering framføre den kombinerte skulen og bustaden på Klockkargarden i 1916. Hjørnet av løa er synleg i venstre biletkant. Målinga er sliten, nokre takpanner er i ulage og skutane manglar portar. Elles er forandringane til dagens museumsbygg ikkje nemnande. Det kosta 543 dalar å bygga skulen, det same som seks skulebudsjett i Klepp kring 1850. I 1922 var den nye klockarbustaden ferdigbygd rett bak skulehuset som da vart flytta til tomte der det ligg i dag.

Foto: K.K. Kleppe.



På dette Widerøe-postkortet frå byrjinga av 1950-talet ligg Klockkargarden midt i bilete med bustad og låve. Til venstre ligg ei tyskarbrakke frå krigen og deretter skulehuset slik det vart plassert etter flyttinga.

I 1922 flytta skoleungane til den nye skulen på Storhaug, klockaren flytta inn i den nye bustaden og det gamle skulehuset vart flytta 75 meter mot nord. Øvst til venstre på bilete ser me kor bygginga i Kleppekrossen held på å skyta fart.

Foto: Widerøe [Postkort utlånt av Folke Ravndal].

Foto oppslagsida:

Øvste bildet: Driftsleiar Hans Dybvad Olesen inviterer til ny utstilling på Haugabakka kvar haust.

Alle foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.

engasjement, at dei kjøpte og dreiv gard ved sidan av lærargjærninga, og hadde store barnekull.

I 1922 vart det bygd ny klokkarbustad rett vest for skulehuset. Samstundes vart den nye skulen på Storhaug, nord for Kleppekrossen teken i bruk. Gamleskulen vart flytta til tomte der den ligg i dag og heile huset blei heretter nytta som heradshus. I første etasje satt heradsagronom, formannskapssekretær og likningssekretær – i ein og same person, og kommunekasserar. På loftet hadde elektrisitetsverksstyraren sitt kontor. I 1933 flytta all verksemd til det nye heradshuset i Kleppekrossen.

Klepp herad forsøkte utan hell å selje skulehuset. Fattigstyret nytta då huset som bustad for vanskelegstilte. Men ikkje utan protestar frå klokkaeren som meinte at det var for dårleg som bustad.

Under Andre verdskrig vart huset teken over av okkupantmakta. Dei tyske soldatane kunne forlyste seg med jentene som dei busette i gamleskulen. Ein gong då kyrne til klokkaeren tok seg til rette i klevasken til jentene måtte han til avhøyr på folkehøgskulen, der tyskarane hadde hovudkvarter. Etter krigen vart huset leigd ut til private.

KLEPP BYGDEMUSEUM

– verket til Carl Særheim og Peder Heskestad

Ikkje så lite stolt må han ha vore, 78-åringen Carl Særheim, der han sto på steinhella framføre det 100 år gamle skulehuset på Haugabakka ein sommardag i 1954. Han ynskte kleppsbu og andre folk velkomne til Klepp bygdemuseum, som for første gong kunne visa fram samlingane sine for folk flest.

Slik skriv Inge Særheim om bonden og museums mannen, Carl Særheim i første utgåve av årsskriftet til Klepp historielag 1989. Det kom mykje folk til opninga denne dagen. Peder, son til Carl spela og Aslaug Jaarvik song solo. Folk med lang røynsle frå arbeid med museum kan nok levande setje seg inn kor stor og gild denne dagen var for dei som stelte til, og dei som var bedne. Forut låg mykje slit og uendeleg mange timar med målretta arbeid. Carl Særheim døyde alt året etter, og då var det skrive i ein nekrolog: *Om hans samlararbeid kan me fortelja mykje med berre dette eine spørsmålet: – Kva ville Klepp bygdemuseum vore utan han?*

Carl var fødd i 1876 på garden Særheim midt i eit landskap der historia så å seia spratt opp av jorda når dei pløgde åkrane. Det var pilesissar i flint, steinøksar, spinnehjul av kleberstein, for å nemne nokre gjenstandar som det var vanleg å finna i Klepp. Faren, Carl Kleppe Særheim var ein sann tradisjonsberar. Han fortalde gjerne og mykje om det gamle Jæren. Så det er ikkje rart at den unge Carl tidleg fekk stor interesse for historia og dei fornminna som var overalt kring han. Han blei ein hyppig og velkomen gjest på Stavanger museum og godt kjent med konservator og direktør, Jan Petersen. Når han vitja museet hadde han ofte med seg funn frå åkrane på Særheim. Blant dei mange sakene han gjekk i spissen for heime i Klepp kan me nemna gjenreising av krossen på Krosshaug- førebilete for krossen i Klepp sitt kommunevåpen. Og ikkje minst, det store arbeid han la ned i å gjenfinna Kongevegen, den eldste kjørvegen over Jæren.

Carl Særheim hadde ein frende i lærar Peder Hes-



Klepp bygdemuseum har ikkje bare små gjenstandar. Driftsleiar Hans Dybvad Olesen og bygningshandverkar Odd-Geir Rosland rydda sommaren 2010 i skuten og sytte for at gjenstandane blei flytta til betre magasin. Samstundes blei tinga fotograferte.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

kestad (1898–1985) som kom til Klepp folke- og framhaldsskule i 1924. Det meste av barndomen hadde han på garden Heskestad i Dalane. Han var elev på Jæren folkehøgskule og tok lærarutdanning på Stord. Historisk interesse fekk han tidleg og vart òg snart kjend med Jan Petersen på Stavanger museum. Petersen og Heskestad grov saman ut mange hustuffer rundt om på Jæren. I likskap med Carl Særheim blei sundagar, og mange kvardagsvelder brukt til arkeologiske undersøkingar, innsamling av gjenstandar og anna museumsarbeid. Soga til Rogaland folkemuseum og Peder Heskestad er uløyseleg samanknytt. Frå 1930 var han drivkrafta for å reisa eit museum for heile Rogaland. Museet vart skipa i 1936. Ved sida av lærargjerninga og langt inn i pensjonsalderen virka han som styreformann og museumsstyrar, heilt fram til 1975.

Me kan rekne med at Særheim og Heskestad fort vart kjende med kvarandre. Det var ikkje mange i Klepp kring 1920 som var så interesserte i «gamalt skrap» som dei. På slutten av 1920-talet starta dei innsamling av jordbruksreiskap og andre gjenstandar over heile Klepp. Dei såg vel at det var på høg tid om ikkje heile jordbrukshistoria skulle gå opp i røyk. Særheim og Heskestad var eit godt par: Carl samla for det meste inn. Han var godt kjent i dei tre kleppe-sokna, der han tidleg og seint farta rundt på sykkelen sin. Vel tilbake med nytt tilfang, sørga Peder for fagleg og grundig registrering. Nokre gjenstandar danna ei samling til undervisningsformål på Jæren folkehøgskule. Resten blei lagra på garden til Carl Særheim.

Ei kommunal nemnd for innsamlingsarbeidet blei

oppretta og ideen om eit folkemuseum for heile Jæren utvikla seg: Først hjå Peder Heskestad, får ein tru. Alle jærkommunane støtta tanken, men vart ikkje samde om plasseringa! Museet blei jamvel realisert nokre år seinare på Mostun i Stavanger. Men nå som Rogaland Folkemuseum, eit museum for heile fylket. Ikkje mange hus vart flytta dit. Etter krigen byrja museet å ta vare på hus der dei stod. Det skjedde ei god stund før det var ein allment godkjent strategi blant dei kulturhistoriske musea. Likeeins var ein òg tidleg ute med å verna alle slag bygningar. Ikkje berre dei mest eineståande, eller dei av høgste kvalitet, slik det var vanleg.


Samlingane i Klepp voks, og etter kvart var det ikkje plass på Særheim. Difor vart mellom anna loftet på Haugabakka teke i bruk som lager. Under krigen måtte gjenstandane i gamleskulen rømast til eit grisehus. Då som nå er det ikkje ein ukjent situasjon i norske museum: Når lagerplassen ikkje strekk til må ein ta til takke med det ein får tak i.

Nokre år etter krigen ga heradsstyret tilslutning til å skipa eit museum for kleppebygda i skulehuset på Haugabakka. Ein løyvde 2000 kr til oppussing. Nå som før måtte det ein stor personleg innsats til frå Særheim og Heskestad. Heile Særheim-familien vart involvert i reperasjon av det nedsetne og forfalne huset. Taket lakk og dei fleste golv måtte bytast. Dei måtte vøle veggar, dørar og vindauger, og måle huset ute og inne. Den kommunale løyvinga var langt frå stor nok til det omfattande arbeidet. Resten av pengane måtte dei ta frå eigne lommar – som så ofte før.

Huset sto ferdig innreia som museum 100 år etter

Haugabakka, tunskisse

- 1 Folgehuset
- 2 Gamleskulen, nå museumshuset
- 3 Den «nye» klokkarbustaden
- 4 Her låg Gamleskulen
- 5 Driftsbygninga på klokkargarden



at det var bygd. For første gong kunne kleppsbuen sjå alle gjenstandane i samanheng, om lag 25 år etter at innsamlinga hadde byrja.

FOLGEHUSET

Frå ca 1900 byrja høvleria i Sandnes å levera ferdighus. Enkle, bort imot kvadratisk hus i lafteplank, firdelt grunnplan med pipa i midten, og som regel bygd i halvannan etasje. Når høvleria tok imot bestilling på eit slikt hus vart materiala høvla, skorne i rette lengder, sinklafta, satt opp, merka, tatt ned att og frakta til byggeplassen. Der vart huset reist på ei grunnmur som byggherren sjølv hadde lødd. Utvendig fekk husa som regel påspikra eit halmlag, halje, som vern mot vêret. Når lafteplanken

etter eit par år hadde tørka ut og huset satt seg, leverte høvleria panel, ferdig skorne knektar og anna sveitserstaffasje. Slike Sandneshus blei på folkemunne kalla Sandneskasser. Folgehuset er ei slik «kasse».

Opphavleg vart Folgehuset sett opp i 1906 på garden Stangeland for Tønnes Tollefsen. Han flytta til garden der dottera var gift. Huset var då utan kjellar. Han døyde i 1913 og huset vart leigd ut. Då neste generasjon tok over garden i 1930 blei det flytta på ny grunnmur med kjellar, og nytta som folgehus til 1951. Seinare budde tenestefolk og familiemedlemmar der. I 1986 ga Torger K. Grude huset til Klepp kommune, som flytta det til Haugabakka under leing av arkitekten Per Line. Der blei det satt på ein murt kjellar med toalett og museums-magasin.



Folgehuset blei flytta til Haugabakka i 1986 og har vore i flittig bruk etter den tid. Foto: Olav M. Bråtveit, Jærmuseet.



1 To ungdomsskuleelevar lagar mjølkemat i 2007.

2 Slik bøter Sverre Varhaug ei sildenot, sildeutstillinga 2006.

3 «Kom og leik» våren 2010 – og det gjorde dei – dei store gutane.

4 Dei mindre borna fekk ògleika!

5 Johannes Dale-utstillinga i 2009 hadde mange gode hjelparar, blant dei var Torbjørg Sægrov og Kristoffer Jaarvik.

Alle foto: Jærmuseet.

Folgehuset har i snart 25 år vore eit godt tilskott til museumsdrifta på Haugabakka: Som kafélokale, undervisningsrom for skuleklassar og ikkje minst som fast utstillingsgalleri for Klepp kunstforening. Det er nytta til kursverksemd og vert leigd ut til private tilstellingar. I nokre år tente Folgehuset òg som møterom for partia i kommunestyret.

KLEPP BYGDEMUSEUM – ein del av Jærmuseet

Frå 2006 gjekk Klepp kommune inn i ein avtale med Jærmuseet om drift og forvaltning av Klepp bygdemuseum. Dei to husa på Haugabakka med alle gjenstandar som er utstilte eller magasinerte der, blei Jærmuseet sitt ansvar. Med denne avtalen kan ein på sett og vis seia at ringen vart slutta: Peder Heskestad fekk ideen til Rogaland folkemuseum medan han held på å samla inn gjenstandar til Klepp bygdemuseum. I 1983 blei Folke-museet lagd ned og verksemda splitta opp: Ryfylke-museet vart stifta i 1981 og sto alt klår til å ta over sin del av ansvaret. I 1985 vart Jærmuseet stifta og skulle etter kvart ta over ansvaret for det meste av museumsdrifta på Jæren. Frå 2006 blei Jærmuseet altså ansvarleg for å fortsette den verksemd som Carl Særheim og Peder Heskestad byrja for over 80 år sidan.

Det er på den eine sida ei lett bør å bere: Heile anlegget vart sett i god stand på 1990-talet. Det blei montert alarmar for brann og innbrott, og sprinklaranlegg overalt. Husa vart måla inne og ute og golv støypt i skutane. Stort sett alle gjenstandar var registrerte og konserverte. Så, på den tekniske sida var alt prima. Og slik skal det òg vera i framtida.

FORMIDLING – ny giv

Når det gjeld formidlinga, er arva etter dei som skipa museet ei utfordring: Museum, slik som det på Haugabakka hadde glanstida si i tiåra etter at dei vart opna. Folk hugsa ennå mykje frå gamletida. Hugsa at eldsjeler, som Carl Særheim kom på besøk for å samla inn gjenstandar. Då var det gildt å vitja musea for å sjå koss dei gamle levde. Sjå kva reiskap dei brukte og skjøna kor fort tilhøva i kvardagslivet hadde endra seg.

Men, har ein vore på Haugabakka nokre gonger veit ein koss det er der. Klepp Historielag hadde gjennom mange år ansvar for vakthald og formidling. Dei såg at det etter kvart kom lite folk på dei faste opningsdagane om sommaren. Då Jærmuseet tok over drifta fremma laget eit sterkt ønskje om forandring og meir aktivitet. Me gjekk derfor saman om å laga ei ny utstilling kvart år. Dei to første åra blei museet halde opent i sommar-sesongen som før. Men besøket blei ikkje større om det var nye utstillingar. Derfor blei me samde om å slutte med sommeropninga og flytte utstillingane til hausten. Nå er det ope 4–5 sundagar i oktober–november og det kjem fleire besøkande enn det som *før* kom på ein heil sommar. Til nå har me laga utstillingane: *Sild på Jæren*, 2006, *Mjølkestell*, 2007, *Andre tider, foto av Aadne Stangeland*, 2008 og *Johannes Dale – teiknar-målar-dekoratør*, 2009.

Til utstillingane er det knytt eit todelte undervisningsopplegg for ungdomsskulen i Klepp. Først får elevane ei undervisningsøkt i utstillinga. Etterpå er det eit praktisk opplegg knytt til utstillingstema, til dømes matlaging med mjølk. Jærmuseet sine pedagogar og

formidlarar har ansvaret for opplegga, som vert godt besøkt av skulen.

OG FRAMOVER

Jærmuseet vurderar kvaliteten på formidlingsopplegg, vedlikehald og forvaltning av gjenstandar heile tida. Kvar veke året rundt har me inspeksjon av hus og dei tekniske anlegga. Feil og manglar vert retta så fort som råd. I løpet av det neste året skal me utarbeida vedlikehaldsplanar for alle Jærmuseet sine anlegg. Talet på antikvariske bygningar aukar mest kvart år. Derfor er det naudsynt med eit svært planmessig arbeid for å halde oppe eit godt vedlikehald.

Me har flytta ein del gjenstandar frå magasinet i kjellaren og den nordre skuten til fellesmagasinet på Åmøy. I skuten var tilhøva ikkje tilfredsstillande med omsyn til plass, fukt og temperatursvingningar. I kjellaren var det for fullt. Nye flyttingar kan kome på tale.

Når det gjeld formidling er me i oppstarten av ei idédugnad. Me ønskjer formidlingsopplegg som ikkje berre er knytt til haustutstillingane, men som kan nyttas året rundt.

Haugabakka har òg fått eit marknadsråd som er sett saman av fire gode kleppsbuar med eit stort kontaktnett.

Dei skal hjelpe Jærmuseet med tiltak som kan betre tilbod og auke inntekta på Haugabakka. Arbeidet har alt resultert i nytt audiovisuelt utstyr til undervisning og kurs. Dessutan har marknadsrådet gjennomført ein aktivitetsdag i juni: *Kom og lek*. Mange barn og vaksne kom til det som mest sannsynleg vert ein tradisjon.

Jærmuseet har ved utgangen av 2010 forvalta Klepp

bygdemuseum i fem år. Me er klåre for ein ny fem årsøkt som me vonar vil gje større merksemd kring dei to husa på Haugabakka.

NOTER

¹http://www.ssb.no/kommuner/hoyre_side.cgi?region=1120

KJELDER

Klepp kommune sine heimesider på Internett.
Ravndal og Efteland: Historien om Haugabakka.
Uprenta artikkel til Klepp historielag sin årbok 2010.
Særheim: Carl Særheim – bonde som bygde museum.
Klepp historie- og ættesogelag, årsskrift 1989.
Dybing: Peder Heskestad: Ein vernar av verdjar.
Klepp historie- og ættesogelag, årsskrift 1989.
Foldøy: Rogaland Folkemuseum – et museum på rot.
Stavanger museum, årbok årg 113 (2003)
Paavola og Braut: Hvis jeg skulle bygge ...
Jærmuseet, årbok 2002.

MUNNLIGE KJELDER

Samtaler med Folke Ravndal 2010.





